

Voss musikkråd

5705 Voss

## Årsmelding frå styret i Voss musikkråd 2016

### Aktivitet i 2016

Styret har i 2016 vore slik:

Styreleiar: Øystein Dahl (attval)  
Knut Bryn (attval)  
Halvard Bjørgo (attval)  
Aslak Himle  
Kjartan Ringheim

Styret har hatt 4 ordinære styremøte i dette arbeidsåret.

Tre saksområder har hatt særleg merksemd:

- Økonomi har vore tema på alle styremøta. All gjeld er no gjort opp. Det vert elles synt til årsrekneskapen.
- Drift, vedlikehald og utleige av Utescena har likeeins vore sak på alle styremøta.
- Musikkrådet sin framtidige funksjon. Voss kommune har ikkje synt trong for samarbeid med musikkrådet dette året. Men i høve til Voss kulturråd har rådet samarbeidd i saker vedkomande fordeling av kommunale kulturmidlar og oversendt desse for uttale frå musikkrådet. I mai 2016 vart det gjort formell avtale om samarbeid mellom Voss musikkråd og Voss kulturråd. Avtalen skal vurderast etter 2 år.

Det har ikkje vore aktivitet i samarbeidsorgan med Voss kulturskule i 2016.

Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscena.

Voss musikkråd har gjeve uttale til Voss kulturråd om kommunen sine rutinar vedkomande høyring i sak om tildeling av kommunale kulturmidlar. Søknadane må sendast til høyring med rimeleg frist og før kommunen ferdigstiller sakene.

Styret har godkjendt d`kor som nytt medlem i Voss musikkråd.

Halvard Bjørgo vald inn i styret for Hordaland musikkråd på ekstraordinært årsmøte der 09.11.2016.

### Utescena

Drift av friluftscena er ei viktig oppgåve for styret. Det er f.t. så mykje utleige av scena at økonomien balanserer. Men meir aktivitet er eit klårt mål, og styret oppmodar medlemslag til å tenkja aktivitet lagt til scena. Styret har presisert rutinane ved utleige av utescena for å unngå mistydingar mellom utleigar og leidgetakar om rettar og plikter knytt til leidgetilhøvet.

## **Avslutning**

VMR har ikkje lenger ein viktig medverknad som formidlar mellom medlemmene og kommunen, m.a. ved innstilling til fordeling av kommunale tilskott. Styret meiner difor at det er naudsynt med ein drøfting og avklaring med medlemmene om rådet sin vidare funksjon.

Voss 10.01.2017

Styret i Voss musikkråd